

ÅRSMELDING UL NYBROT 2018



Ungdomshuset Dalheim

10.februar 2019

Styret 2018

Leiar: Marit Træland

Nestleiar og kasserar: Arne Olav Halland

Skrivar: Terje Fyllingsnes

Styremedlem/utleige: Roger Fjellsbø

Styremedlem: Torill T. Steine

Styremedlem: Thor-Arne Robertsen

Pubansvarlig: Åsmund Steine

Nemdsansvarlige: Kristine Helland Stråtveit, Espen Spjell, Solveig Laumark Møller Vabø

Revisorar: Eva Sæle Fyllingsnes, Lillebeth Ones

Valnemd: Øyvind Feste, Atle B. Andersen, Kjetil Gjerstad



Ungdomslaget Nybrot har hatt 6 styremøter i inneverande arbeidsår. Me har handsama 32 saker, og styremøtene vert gjerne langvarige grunna gode diskusjonar og meiningar om mangslags.

UL Nybrot har 18 medlemmer som også er medlem i Noregs Ungdomslag (NU), og i underkant av 50 støttemedlemmer. Alle som sit i styret er medlemmer i NU.

Me har hatt 52 utleiger. Det har vore alt ifrå møter, runde dagar, festar og basar/konsert og me ser at peisestova er svært populær til mindre tilstellingar. Etter at kjøkkenet nede vart rehabilitert er det blitt kjekkare både for dei som gjestar peisestova og for oss som leiger ut. Det neste me ynskjer er å lage til eit bøttekott i tilknytning til denne etasjen slik at reinhald nede blir lettare tilgjengelig. Sminkerommet er ledig frå og med januar 2019, så her er også moglegheiter.

Me ynskjer i minst mogleg grad å leige ut huset til store festar for 18-20 åringar. Dersom me har slike utleiger er me svært nøye m.a. med instruksjer om vakthald, kontroll i dør, melding til politi og avsperring av plassen oppe. Dette gjer tilstellinga tryggare for dei som leiger og for oss. Me er opp-tekne både av omdømmet vårt og å redusere risikoen for at huset skal bli utsett for skade og slitasje. Dette er eit ansvar som me i styret set høgt.

Talet på utleiger har auka i år samanlikna med ifjor (36). Administrasjon av utleige er eit tidkrevande og viktig arbeid.


Det har vore 4 pubkveldar, og oppmøtet her har vore litt varierende. Dette er likevel eit tilbod me vil halde fram med også i 2019 sidan det er så kjekt 😊





Bryllaupsfeiring i ungdomshus er ikkje heilt gått ut på dato. I juni hadde me utleige til bryllaup der vertskapet hadde lagt ned mykje arbeid i pynting og dekor av lokalet.

Nett so i Amerika!!



Raspeballgjengen!



Den trufaste raspeballgjengen vår har jobba jamnt og trutt også i 2018. Dei har laga til 6 raspeballkafear året gjennom. Dette er eit populært tilbod som genererer gode inntekter for ungdomslaget. Gjengen koker også frå tid til annan på andre tilstellingar, mellom anna hadde dei ansvar for julebord i ungdomshuset for ein gjeng frå Equinor.

I november ynskte styret å setje pris på raspeballkarane m/følge og overrekte dei gåvekort på middag. Dette vart nytta no i januar og styret har oppfatta at det vart eit vellukka møte i Kjelstraumen der det vart servert dei lekraste rettar frå ein rikhaldig buffet.

Tusen takk for innsatsen!!

Nybrotmarsjen vart gjennomført tidlig i september på kjent vis med buljong og saft servert av Asbjørn Solheim, og kjøttkaker og tebrød for dei som er svoltne når dei kjem i mål. Påmelding var nokonlunde som før, men det vart seld litt færre middagar i år. Nybrotmarsjen er no godt inne i sitt fjerde tiår.

Julemessa vart også avvikla på tradisjonelt vis. Pinnekjøtt og utstillarar, tombola og vaflar. Både me og utstillarane noterte oss færre besøkande dette året, og kanskje er det tid for å reflektere over kor stor appell denne type tilstelling har i våre dagar. Det er mykje arbeid å lage til messa, både i forkant og under sjølve dagen, og me må sjå på korleis me kan forenkla arbeid og kostnader og få større overskot dersom julemessa skal bestå. Likevel; god mat og koseleg stemning med gløgg og pepperkaker på trappa og kafé på scenen denne søndagen i november.




*Skrelling av poteter
i gamlesalen*



Ingvild og Maria i kaféen



*Sokkar og såpe, smykker
og syltetøy –kom og kjøp!*



Andre faste tilstøttingar er **Vårdugnaden**. Den gjekk av stabelen den 12.mai. Godt oppmøte gjorde at viktige oppgåver innan rydding og vasking vart unnagjort. Sjølvstapt ingen skikkeleg dugnad utan matservering, så her vart det diska opp med vått og tørt. Den felles innsatsen denne dagen set me i styret utruleg stor pris på!



Høgtrykksspyling av veggen mot vest



Matøkt



Nymalt benk – god som ny




Prosjekt

Det vert stadig utført forbedringsarbeid på, i eller utafor ungdomshuset. Dette er naudsynt vedlikehald og oppgradering av større og mindre slag.

I 2018 har det vore mindre aktivitet på denne fronten enn året før, men i februar og mars var det storaksjon i gangen oppe. Dette var på høg tid då gangen ikkje berre var moden for oppgradering men også prega av ein gammal vannlekkasje i taket. Me la ned nytt laminatgolv, avretta taket og la nye takplater. Det vart installert dimbare ledspotar i heile taket, og nye dører kom på plass. Veggjar og vindauger vart måla og det vart kjøpt nye gardiner og luftige lette kafémøblar



Dei gamle møblane og golvbelegget...






Det ferdige resultatet er me
svært nøgde med.
Det vart mykje arbeid, men det
er kjekt å
kunne ynskje folk velkomen
inn i ein lys og
triveleg gang når dei kjem.
Tilbakemeldingar utanifrå er
også positive,
og det er både kjekt og
motiverande.




PIC•COLLAGE



I tillegg til desse større tiltaka er det også utført mindre forbetringar. Det er mellom anna lagt tilrette for 2 stk 3fas 32amper straumuttak med tilhøyrande skøyteledning og fordelingssentralar med lokale sikringar. Attraktivt for for til dømes bu-bilar, men også praktisk til annan aktivitet, gjerne utandørs.

Det er lagt ned mykje arbeid i å lage ein lettfatteleg og oversiktleg oppsett av rekneskapen, og det excel-baserte systemet me har hatt dei siste åra fungerer godt. Ungdomslaget Nybrot etablerte i 2017 Vipps-betaling for organisasjonar, og saman med kortautomaten vår er me no godt skodd for å kunne ta imot kontantlaus betaling ved ulike tilstellingar, loddsal, kiosk med meir.

Andre økonomiske anliggende vil gå fram av rekneskapen som me skal sjå på seinare i årsmøtet, men me kan slå fast at 2018 resultatmessig har vore eit svært godt år for ungdomslaget.





Sparebanken Vest (Nordhordland)

16. mai 2018 · 🌐



Sparebanken Vest (Nordhordland)




Det er omsøkt og motteke kulturmidlar frå Lindås Kommune, både investeringstilskot og driftsmidlar. Dette er gode pengar for oss, og me er glade for at kommunen ser verdien av å ha eit velfungerande samfunnshus i bygda.

Me har også fått midlar frå Sparebanken Vest sitt almennyttige fond.

Me søkte i tillegg om å få hjertestartar fra Sparebanken Vest. I vår vart me varsla om at me var tildelt ein slik.

Denne heng no på veggen utanfor kjøkkenet oppe og skal vere lett å ta i bruk dersom det skulle verte naudsynt.



Ungdomslaget Nybrot og det sitjande styret ynskjer å takke kvar og ein som har bidrege med store og små tenester gjennom året. Me er avhengige av gode støttespelarar for å kunne drive laget og ikkje minst huset Dalheim. Me veit også at me alltid kan forbedre oss på ulike områder, og me tek i så måte imot innspel med takk.

Me er heldige som har ein stabil økonomi i ungdomslaget. Dette gjev oss høve til å oppgradere og vedlikehalde huset etter tid og evne, og me ynskjer at det framstår som attraktivt og velfungerande for alle.

Det er «alltid noko som skulle vore gjort», og styret har sjølv sagt tankar for tiltak i driftsåret 2019. Slik me ser det er pengar me brukar på huset ei god investering i den forstand at det då vert attraktivt for utleige – noko som igjen sikrar naudsynte inntekter for oss.

Me brukar mykje ressursar på dette samt dei faste tilstellingane våre. Det har i mindre grad vore kapasitet til å komme opp med nye idear og aktiviteter, men korleis me brukar ressursane våre er også noko styret har ei medviten haldning til. Me klarar ikkje alt.

Eit positivt tiltak som har kome i stand er Hundvin Trim og Leik. Dette er leia av ungdommar i bygda, og styret håpar at dei vil halde fram med treningane sine i lang tid framover.

I 2019 vil det bli innført eit husstyre igjen. Styret har også snakka om å sjå på om det er interesse for å etablere eit ungdomsstyre i laget.

Enn så lenge;



Takk for alt godt arbeid i 2018!

